

## Johann Roppen

---

**Fra:** Johann Roppen  
**Sendt:** fredag 15. november 2019 13:44  
**Til:** ALLE-Campus  
**Emne:** NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 40/2019, 15. NOVEMBER

### NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 40/2019, 15. NOVEMBER

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, [jr@hivolda.no](mailto:jr@hivolda.no).

Arkiv med tidlegare nyhendebrev: <https://www.hivolda.no/om-hogskulen-volda/nyhendebrev>

### INGEN VOLDA-STUDENTAR I HONGKONG

Mange universitet har denne veka henta heim utvekslingsstudentar i Hongkong på grunn av aukande uro i byen. Høgskulen i Volda har ingen utvekslingsavtalar med universitet i Hongkong. Vi har heller ingen studentar som er på studietur til Hongkong no. Høgskulen har ikkje oversikt over om studentar kan vere på private reiser til Hongkong. Utanriksdepartementet sine reiseråd for Hongkong er å finne under Kina:

[https://www.regjeringen.no/no/tema/utenriksaker/reiseinformasjon/velg-land/reiseinfo\\_kina/id2414833/](https://www.regjeringen.no/no/tema/utenriksaker/reiseinformasjon/velg-land/reiseinfo_kina/id2414833/)

### FØRSTE SPADETAK PÅ MEDIEHUSET: VÅREN 2021 BLIR DET OPNING

Det første symbolske spadetaket på det nye mediehuset vart teke torsdag 14. november med ein liten seremoni på tomte. Dette skjedde få dagar før det kjem opp gjerde rundt anleggsområdet, og dei vil nok stå der eitt års tid. Spadetaket vart utført av teknisk leiar Reidulf Botn som har stått sentralt i planlegginga av huset. Han fekk hjelp frå student June Johnsen som går på 1. året på kringkastingsjournalistikk og som er blant studentane som får gleda av å flytte inn i huset når det står ferdig.

Sjå omtale på våre nettsider og i media:

Møre-Nytt: <https://www.morenytt.no/nyheiter/2019/11/14/Dette-blir-verdas-beste-mediehus-20394367.ece>

Møre: <https://mre.no/nyhende/sette-spaden-i-jorda-for-nytt-mediebygg/19.8041>

Sunnmørsposten: <https://www.smp.no/nyheter/2019/11/14/F%C3%B8rste-spadestikk-p%C3%A5-mediebygget-20393802.ece>

### LÅGAST STRYKPROSENT VED HØGSKULEN I VOLDA - MEN ER DET EIT PROBLEM?

Nettavisen Khrono har presentert tal for strykprosenten ved norske høgskular og universitet. Studentane ved Høgskulen i Volda har lågast strykprosent - igjen. Dette blir kommentert i rektorbloggen og rektor meiner det er viktigare å diskutere strykprosent på ulike fagområde framfor å sjå på institusjonar:

<https://blogg.hivolda.no/jr/2019/11/14/lag-strykprosent-i-volda-er-det-eit-problem/>

### SAMARBEID MED MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE OM FOLKEHELSE

Høgskulen i Volda (Avdeling for samfunnsfag og historie) har inngått avtale med Møre og Romsdal fylkeskommune om deltaking i «Program for folkehelsearbeid i kommunane (Folkehelseprogrammet) i Møre og Romsdal 2019-2024.» Avtalen skal bidra til at aktørane samarbeider om å gjennomføre «Frå utanforskap til innanforskap med program for folkehelsearbeid i Møre og Romsdal 2019-2024».

Fleire andre aktørar er også med i samarbeidet: Høgskolen i Molde, Regionalt kunnskapssenter for barn og unge (RKBU/NTNU), Møreforskning og Kompetansesenter for Rus, Midt-Norge (KoRus/St. Olavs Hospital).

I tillegg til den overordna samarbeidsavtalen vil HVO og fylkeskommunen også inngå avtalar om delprosjekt i programmet.

### FØRSTEHJELP I EKSAMENSTIDA

Studentparlamentet, studenthumanisten, samskipnaden og biblioteket stiller opp for studentar som er plaga av eksamensnervar eller stress.

<https://www.hivolda.no/nyhende/gir-deg-forstehjelp-eksamenstida>

### **BYGGESTART, TRAFIKK OG PARKERING**

Frå måndag 18/11 vert det ny innkøring og alternative parkeringsplassar for dei som skal vitje Høgskulen i Volda. Følg med!

<https://www.hivolda.no/mediebygg/ny-innkoyring-og-parkering-til-hogskulen-volda>

### **RUNE KVALSUND: FORSKINGSSAMARBEID MED HEIDELBERG**

Professor emeritus Rune Kvalsund har samarbeidd internasjonalt om komparativ forskning på bygdeskular i fleire tiår. Nyleg publiserte han eit kapittel i boka Geographies of Schooling i serien Knowledge and Space som er redigert av framstående fagfolk ved Universitetet i Heidelberg, Tyskland.

<https://www.hivolda.no/forskning-og-utvikling/forskingsamarbeid-med-universitetet-heidelberg>

### **STOR NYNORSKKONFERANSE PÅ HAMAR**

Nynorskkonferansen 2019 har vist seg så populær at alle dei 130 plassane er tekne. Deltakarane kan gle seg til eit høgaktuelt og innhaldsrikt program. Det er Nynorsksenteret som arrangerer konferansen.

<https://www.hivolda.no/laerarutdanninga/klart-fullteikna-nynorskkonferanse>

### **NY MASTER I HELSELEIING I 2020: SAMARBEID MELLOM VOLDA, MOLDE OG NTNU ÅLESUND**

NTNU i Ålesund, Høgskolen i Molde og Høgskulen i Volda tilbyr ein felles mastergrad i helseleiing frå hausten 2021.

<https://www.hivolda.no/nyhende/ny-master-helseledelse-hosten-2020>

### **KRONIKK: «FYLKESKOMMUNEN MOT STRAUMEN»**

Avdeling for kulturfag ved Høgskulen i Volda har skrivne ein kronikk som er kritisk til fylkesrådmannens framlegg til kutt i vidaregåande skule i Møre og Romsdal. Kronikken har vorte publisert i Sunnmørposten, Romsdals Budstikke og Tidens krav:

<https://www.hivolda.no/kulturfag/fylkeskommunen-mot-straumen>

### **REISEBREV FRÅ KIM-DANIEL VATTØY I AUSTRALIA**

Doktorgradsstipendiat Kim-Daniel Vattøy er på forskaropphald i Brisbane Australia og har levert reisebrev:

<https://www.hivolda.no/forskning-og-utvikling/reisebrev-fra-australia>

### **STUDIEBAROMETERET: SVARFRISTEN ER UTSETT TIL 17. NOVEMBER**

Studiebarometeret er ope for svar frå studentar fram til søndag 17. november. Pr i dag ligg Høgskulen i Volda an til å få over 70 prosent svar, og dermed noko høgare svarprosent enn i fjor. Her er oversyn over svarprosentar på høgskulens avdelingar og studium pr i dag:

<https://results.dk/Status?guid=TN6ZU51K3K9N>

### **MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2019**

Oversyn over møte og sakspapir til dei mest sentrale råd og utval ved

HVO: <http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA>

Sjå også datoar for festivalar på Festivalforum for Søre Sunnmøre: <http://festivalforum.no/informasjon/arshjulet/>

22.10.-17.11.2019: Studiebarometeret - periode der studentane kan sende inn svar.

19.-20.11.2019: Nynorskkonferansen, Hamar. Arr.: Nynorsksenteret. <https://nynorsksenteret.no/blogg/nasjonal-nynorskkonferanse-pa-hamar-i-november>

26-27.11.2019: Avdelingsseminar AHL

5.12.2019: Styremøte 7/2019

13.12.2019: Julebord 2019

26.-27.3.2020: Avdelingsseminar ASH

## HVO I MEDIA

Les nyhendeoppslag om HVO og HVO-tilsette i nyhendedia og sosiale media:

[https://www.tintup.com/t/customer\\_2082469\\_hogskolenivolda](https://www.tintup.com/t/customer_2082469_hogskolenivolda)

## LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

## REKTORBLOGGEN

15.11.2019: Volda University College joined minister Nybø and other Norwegian universities visiting Korea and Japan

<https://blogg.hivolda.no/jr/2019/11/15/volda-university-college-joined-minister-nybo-and-other-norwegian-universities-visiting-korea-and-japan/>

14.11.2019: Låg strykprosent i Volda - er det eit problem?

<https://blogg.hivolda.no/jr/2019/11/14/lag-strykprosent-i-volda-er-det-eit-problem/>

11.11.2019: Ulstein/Volda-modellen for digitalisering i skulen

<https://blogg.hivolda.no/jr/2019/11/11/ulstein-volda-modellen-for-digitalisering-i-skulen/>

Alle blogginnlegg: <https://blogg.hivolda.no/jr/>

## HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

Facebook: <https://www.facebook.com/hivolda/>

Instagram: <https://www.instagram.com/hivolda/>

Youtube: <https://www.youtube.com/user/hivolda/>

HVO-blogger: <https://blogg.hivolda.no/>

Nynorsksenterets blogg: <https://www.nynorsksenteret.no/blogg>

Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget: <http://evishine.dk/VoldaUniversityCollege?42229>

Nytt om bygging av nytt mediehus: <https://www.hivolda.no/mediebygg>

Nytt om bygginga av Volda Campus Arena (Volda kommune): <https://www.volda.kommune.no/aktuelt/volda-campus-arena-vi-realiserer-idrettshall.72934.aspx>